

Dydane tema då Montessori-skular kom saman i Haram:

Over 100 tilsette frå åtte skular samla på Hildre

Over 100 tilsette frå åtte Montessoriskular i distriktet sette kvarandre i stemne på Hildre sist veke. Samlinga er årleg. Tema denne gonger var dydar som tolmod og glede, og korleis ein bruker desse i ulike situasjonar.

BB – SVEIN SOLHEIM

Thor Litleskaret frå Holmestrand Montessoriskule heldt eit flott foredrag om dydane og kor viktig det er at vi jobbar med dei dagleg, fortel Erin Hildre til Bygdebladet.

- Det var gode tilbagemeldingar frå alle skulane som deltok, Frå sør, Holmedal Montessoriskule, Kjølisdalen Montessoriskule, Velledalen Montessoriskule, Stette Montessoriskule, Vike Montessoriskule, Grytestrand Montessoriskule, Midsund Montessoriskule og Krohnstad Montessoribarnehage.

Kva er ein dyd?

Somme lurar nok på kva som er ein dyd, og ein kan ikkje sjå vekk frå at det mellom folk kan vere



Frå venstre bak, Steffen Kråkenes kontaktlærer for 7.trinn, Frida Ahrens montessorilærer, for tida i svangerskapsperm, Linda Ulla, kontaktlærer for u.trinn, Honami Kowata, faglærer, Nikolai Sårheim, fagarbeidar, Malin Bjørdal faglærer. Frå venstre framme Andrea Rogne fagarbeidar, Ida Reiten assistent, Linda Rovde sosionom/assistent, Monica Otterlei, assistent/SFO-leiar, Lill Tove Vasstein assistent, Nina Hildre dagleg leiar, Elena Bazyuta kontaktlærer 5. og 6.trinn, Erin Hildre konseptansvarleg og sist men ikkje minst foredragshaldar: Thor Litleskaret.

ulike oppfatningar. Erin Hildre seier mellom anna dette;

- Tolmod er ein dyd brukar vi å seie, men har du tenkt over at glede også

er ein dyd? Dydane er implementert i oss menneske og nært knytt opp mot dei fundamentale behova til alle menneska, men treng å verte tatt opp

og fram i det bevisste i kvardagen.

Inspirerende

Med humor og litt song inni mellom og gode diskusjonar rundt borda vart dette ein inspirerende dag, seier Hildre til Bygdebladet.

- Den vart toppa med god mat, servert av flotte hjelparar med Kristin Remen og 7. trinnet på skulen. Om kvelden hadde vi middag saman og underhaldning.

Laurdag vart fylt med praksisdeling rundt dei store forteljingane, digitale forteljingar, sansemateriell og god erfaringsdeling rundt borda.



Elevar frå 7.trinnet sørga for at det var vatn og kaffi på borda, og sørga og for serveringa under matytka. Bygdebladet klarte å samle nokre av dei til eit bilete. Bak frå venstre, Filip Rogne, Tristan Tomren, Benjamin Døving, Leonardo Arild Remmereit, Fredrik Sørli, Konrad Januszenski, Astrid Elise Fylling, Mariann Kolbensen. Framme frå venstre Henriette Otterlei og Sophia Hildre.